



Per Gunnar Kleivdal
JØRNBREKKA 10A
5913 Eikangervåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2217 - 22/26168

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 212/2 Eikanger øvre

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 212/2
Tiltakshavar: Per Gunnar Kleivdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.03.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealoverføringa krev dispensasjon frå punkt 2.2 i kommunedelplan for Lindås. Det er krav om at arealet skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til mellom anna arealoverføring. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument.
2. Søknaden er berre signert av deg. Medan Ann-H Eikanger Kleivdal også er eigar av gbnr 212/2. Ber om at også ho signerer søknaden.
3. Eigar av mottakareigedomen, gbnr 212/59, er ikkje nabovarsla. I erklæring om arealoverføring er berre ein av to eigarar skrive under på arealoverføringa. Det må stadfestast at eigar av gbnr 212/59 er samd i arealoverføring. Eventuelt må eigarane nabovarslas. Ein treng ikkje retta opp erklæring om arealoverføring før eventuell oppmålingsforretning.
4. Då oppført garasje på arealet som no vert søkt arealoverført ser ut til å ligga nærare ny eigedomsgrense enn 4 meter må eigar av gbnr 212/2 leggja fram nabosamtykke til at dette er greitt. Legg ved skjema som kan nyttast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.05.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)
Naboerklæring

Mottakarar:

Per Gunnar Kleivdal

JØRNBREKKA 10A

5913

Eikangervåg